

Notat

Frå: Fylkesdirektør for kultur

Til: Hovudutval for kultur

Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2014 - notat

Generelt om ordninga:

Ved handsaminga av St.meld. nr. 48 (2002-2003) «Kulturpolitikk fram mot 2014» sette Stortinget i verk ei desentralisert ordning for tilskot til kulturhus og ei ordning om tilskot til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur, jf. Innst. S. nr. 155 (2003-2004). Ordninga vert finansiert med delar av overskotet frå Norsk Tipping, spelemidlar. Departementet fordeler tilgjengelege midlar til fylkeskommunane, og vi handsamar innkomne søknadar og vedtek fordelinga av midlane. Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedteke eigne retningslinjer som kjem i tillegg til dei statlege føringane.

Løyving frå Kulturdepartementet:

Vi har ikkje motteke melding om årets løyving frå Kulturdepartementet enno. I 2013 var rammetilskotet til Sogn og Fjordane kr. 4 411 680, dette fekk vi melding om i brev 9.9.2013. Etter tildeling i saka i 2013 stod det att kr. 1 986 615,70, inkludert kr. 191 953,70 i rentemidlar.

Årets søknadar:

I 2014 har fylkeskommunen motteke ni søknader om tilskot til kulturbygg. Samla søknadssum, før eventuelle tiltak utan rett til tilskot er trekt ut, er kr. 5 965 603. Søknadane har samla sett mange manglar, og ingen av dei kunne godkjennast slik dei låg føre då dei vart sende inn. Søknadane gjeld i hovudsak rehabilitering og tilbygg til eksisterande kulturbygg, i tillegg til tilrettelegging for universell utforming og ENØK-tiltak.

Oversyn over manglar ved søknadane:

- Manglande dokumentasjon på rett til bruk av eigedom og anlegg i minimum 20 år.
- For fleire av prosjekta det er søkt om tilskot til er det ikkje dokumentert at prosjektet er fullfinansiert.
- Nokre av tiltaka er ikkje universelt utforma, eller søknaden inneheld ikkje informasjon om kulturhuset er universelt utforma frå før.
- Nokre søknadar inneheld ikkje informasjon om planane for framdrifta av arbeidet, slik det er krav om.
- Kommunen skal sikre at søknadane fyller dei formelle krava, og gje uttale om behovsvurderinga. Nokre kommunar har ikkje gitt ei slik uttale.
- Registrering i Enhetsregisteret under verksemd/art/bransje som kan vere i konflikt med ordninga.

Oppfølging:

Fylkesdirektøren har gitt tilbakemelding til søkjarane om kva manglar søknadane deira har, og kva som må rettast opp og ettersendast for at søknadane skal bli godkjende. Fylkesdirektøren har samarbeidd med «Huset i bygda» for å spreie informasjon om ordninga, og dette samarbeidet bør bli tettare og meir systematisk framover. Det er også viktig at fylkeskommunen er til stades på dei arenaene der eigarar av kulturhus i fylket er samla for å gjere ordninga meir kjend.

Politisk handsaming:

Fylkesdirektøren vil legge fram sak til hovudutvalet til politisk handsaming i møte 23.9.2014.